

Tilskotsordning for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak 2024

1. Innleiing

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) har utarbeidd dette rundskrivet. Rundskrivet er basert på retningslinjer for tilskotsordninga i kapittel 672, post 60, fastsett av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 01.01.2025 etter § 8 i reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 i bestemmelser om statleg økonomistyring.

Tilskotsordninga består av

- tilskot til opplæring i norsk for asylsøkjare i mottak
- tilskot til opplæring i samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak

IMDi forvaltar tilskotsordninga.

2. Mål, tilskotsmottakarar og målgruppe for tilskotsordninga

Tilskota skal bidra til at vertskommunar for mottak gjennomfører opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak, slik at asylsøkarane tidleg får kjennskap til norsk språk og samfunnsliv.

2.1. Målet med tilskotsordninga

Målet med tilskotsordninga er at asylsøkarar kan oppfylle plikta til å delta i 175 timar opplæring i norsk og 25 timar i samfunnskunnskap i mottak¹.

2.2. Tilskotsmottakarar

Tilskotsmottakarane er vertskommunar for mottak. Med «mottak» meiner vi her ordinære mottak, integreringsmottak eller alternativ mottaksplassering (tilpassa butilbod etter avtale med Utlendingsdirektoratet). Innkomstsenter og transittmottak er ikkje rekna som «mottak» i denne samanhengen.²

2.3. Målgruppe for tilskotet

Målgruppa for tilskotet er asylsøkjare over 18 år som bur i mottak og har plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Plikta gjeld ikkje dersom asylsøkjaren

- får søknaden sin behandla etter hurtigprosedyrar i Utlendingsdirektoratet
- blir nekta å få asylsøknaden realitetsbehandla etter utlendingslova § 32
- bur på inkomstsenter eller i transittmottak
- har fått avslag frå Utlendingsdirektoratet på søknad om vern

¹ Jf. integreringslova § 5 første ledd første punktum og tilhøyrande forskrift.

² Jf. integreringslova § 5 første ledd andre punktum bokstav c.

3. Kriterium for måloppnåing

Kriteriet er dette:

- Asylsøkjjarar som har plikt til å delta i opplæring i mottak, gjennomfører opplæringa.

Asylsøkjjarar kan få fritak frå opplæring i spesielle tilfelle:

- Asylsøkjaren kan få fritak ved særlege helsemessige eller andre tungtvegande årsaker.³
- Dersom asylsøkaren går i grunnskole eller vidaregåande opplæring etter opplæringslova, kan kommunen etter søknad frita asylsøkaren frå plikta til å delta i norskopplæringa.⁴

4. Tildelingskriterium, mellom anna berekningsreglar

Dette punktet beskriv mellom anna vilkåra for å få tilskot, berekningsreglane for tilskotet og informerer om utbetalinga av tilskotet og satsane for 2025.

4.1. Vilkår for å få tilskot

Kommunen skal

- sørge for opplæring så snart som mogleg etter at asylsøkjaren som er omfatta av plikta etter første ledd, er registrert i eit mottak i kommunen.

4.2. Berekningsreglar

Personar blir inkludert i målgruppa når dei blir registrert i mottak. Tilskotet blir utbetalt éin gong per asylsøkar i målgruppa.

4.2.1. Utbetaling av tilskot

Tilskotet blir utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).

For personar som kjem inn i målgruppa i 2025, blir tilskotet utbetalt tidlegast i kvartalet etter at dei kom inn i målgruppa.

Satsen for tilskot for opplæring i norsk er 17 400 kroner.

Satsen for tilskot til opplæring i samfunnskunnskap i mottak er 2 500 kroner.

Tabellen under viser utbetalingane av tilskot i 2025.

UTBETALING AV TILSKOT FOR 2025:

Planlagd utbetaling*	Utbetalingsgjeld
april	nye personar i målgruppa 1.1.– 31.3.2025
juli	nye personar i målgruppa 1.4– 30.6.2025
oktober	nye personar i målgruppa 1.7– 30.9.2025
desember	nye personar i målgruppa 1.10 – 31.12.2025

* Det kan skje endringar, sjå IMDi.no.

³ Jf. integreringsforskrifta § 1 andre ledd og § 2 andre ledd.

⁴ Jf. integreringsforskrifta § 1 tredje ledd.

Etter at tilskota er utbetalte, får kommunane tilgang til utbetalingsgrunnlaga i IMDi Tilskudd med detaljerte opplysningar om dei utbetalte tilskota. Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan vedkommande melde frå til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

4.2.2. Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom ein person som er i målgruppa for eit tilskot, flyttar til eit mottak i ein annan kommune i tilskotsperioden, blir tilskotet automatisk bli delt likt mellom frå- og tilflyttingskommunen. Denne delinga skjer berre éin gong. Tilskotsperioden er her definert som 365 dagar frå ein person er registrert inn i mottak.

5. Oppfølging og kontroll

Kommunen skal

- registrere opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følge opp og evaluere tilskotsordninga for opplæring til asylsøkarar i mottak, i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).⁵ I den tilhøyrande forskrifta er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere.
- registrere desse opplysningane innan to månader.

Kommunane skal ikkje legge fram ein særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag for asylsøkarar i mottak. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har fått, kan kommunane behalde tilskotet.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadene.⁶

6. Feilaktige utbetalningar

Dersom ein kommune har fått utbetalt for mykje i tilskot, kan IMDi krevje tilbakebetalt det overskytande beløpet i tråd med ulovfesta reglar om *condictio indebiti*. IMDi har rett til å motrekne det overskytande beløpet med nye utbetalningar av tilskot til kommunen.

7. Klagereglar

IMDis tildeling av tilskott ut frå denne tilskotsordninga er ikkje å rekne som enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Det vil seie at føresegnene i forvaltningslova kapitla IV til VI ikkje kjem i bruk, jf. forvaltningslova § 3. Kommunane kan derfor ikkje klage. Elles gjeld reglane i forvaltningslova, for eksempel reglar om habilitet og alminnelege reglar om saksbehandlinga.

8. Foreldingsfrist

Når eit tilskotskrav er forelda, taper kommunen retten til å krevje tilskotet utbetalt.⁷ Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje å få tilskotet utbetalt.⁸

Dersom IMDi har eit forelda tilbakebetalingskrav mot kommunen, vil det forelda kravet kunne motreknast med nye utbetalningar.⁹

9. Har du spørsmål? Kontakt IMDi

Spørsmål skal meldast til IMDi i supportsystemet [Kontaktsenter for IMDinett](#).

⁵ Jf. integreringslova § 43.

⁶ Jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

⁷ Jf. foreldingslova § 24.

⁸ Jf. foreldingslova § 2 og § 3 nr. 1.

⁹ Jf. foreldingslova § 26 bokstav b.